



Studentrådet SU

## REFERAT

Studentrådet SU sitt møte 07.05.19 kl 16.15 på Dragvoll

Møteleiar: Magnus Landheim  
Ordstyrar: Brage Lauten  
Referent: Karoline Abildsnes

### *Studentrådet SUs medlemmer:*

FTV A	Karoline Abildsnes
FTV D	Magnus Landheim
FTV C	Brage Lauten
IGE	Vibeke Uthaug
SOSANT	Lone Bergland Christoffersen
SOSANT	Maria Victoria Silva
PSYK	Ida Maria Brennhagen
PSYK	Sol-Andrea Ness
LTV	Viljar Sæbbe
ILU	Torkil Seljestokken
ILU	Camilla Sagelv Øyen
ILU	Solveig Tellevik

### *Meldt fravær:*

IGE	Marte Westad
ISS	Iver Matias Linge Glomnes
IPL	Simen Aakre
IPL	Steffi Schenzle
PSYK	Aase Martens
ISS	Trine Øverås
ISA	Kristina Ekhorn
ISA	Patrycja Agnieszka Sudol

### *Ikke møtt:*

ISA	Elfur Thorhildar Helgadóttir
FTV B	Lars Bjørnar Vist
IPL	Cajsa Sofie W. Moberg

### *Observatør:*

Styret	Siri Arnesen
--------	--------------

### **Konstituering av møtet**

Innkallingen blei godkjent, møteleder, ordstyrer og referent valt.  
Saklista blei godkjent.

### **Ref-sak 13/19 Godkjenning av referat 09.04.19 \***

Referatet blei godkjent.

**Ref-sak 14/19 Saker fra studenttillitsvalgte, orientering fra FTVene**

ILU	Har vore på leiarmøte og programrådsmøte, der dei presenterte tillitsvalgtsystemet.
	Har vore med i prosjektgruppe for universitetsskulesamarbeidet. Har jobba for å innarbeide Sharepoint som arbeidsplattform.
PSYK	Har deltatt i evaluering av studieprogram. Har vore i leiargruppemøte og funnet nye PTVar.
GEO	Har fått innkalling til instituttstyremøte. Arbeider med personalsak på instituttet.
SOSANT	Mykje eksamenslesing.
LTV	Arbeider med å sette seg inn i rolla. Har vore i møte med ILU.
Styrerep. Siri	Evaluering av val. Har deltatt på landsmøtet til SAIH og NSO. Har vore med på linjeforeningsforum og LF Siv.ing. med førebuing til faddervekene. Tillitsvalte blir truleg kopla på i forbindelse med utarbeiding av varslingsssystem for faddervekene i HR-seksjonen.
FTV Brage	Faste møter. Møte med ILU saman med LTV ifm. Lektorutdanningane.
FTV Magnus	Har vore på fakultetsstyremøte og deltatt på styreseminar.
FTV Karoline	Har vore på fakultetsstyremøte og deltatt på styreseminar.

**SU-sak 26/19 Evaluering av valgukene**

Synd med trykkfeil på plakatar om val. Kunne med fordel samkøyrt alle tre vala, for å unngå forvirring for den øvrige student. Tidspunktet for val er vanskeleg – kjem brått på, men samtidig så seint at fleire program har avslutta forelesingar for semesteret. Blir fint å få ein fast allmøtetid, «studentdemokratiets time» og samarbeidsavtale mellom studentråd og Sti der samkøyring av val vil bli tematisert. Dilemma rundt at mange arrangerer allmøte saman med linjeforeiningane sine generalforsamlingar. Det vert foreslått å slå saman allmøtet med HF sitt, for å få større oppslutning. Bør framover jobbe meir proaktivt i forkant av valet, med å spreie informasjon. Kan med fordel ha workshop tidleg i semesteret for å planlegge og jobbe med valet i god tid. Valet må jobbast med året rundt – og ikkje berre i tida like før. Kan ein overføre konseptet om valgomaten som vart brukt i styre-valet, til FTV og/eller ITV-valet? Bør i større grad invitere kandidatlar til å stå på stand.

Innspel vert tekne med til etterretning.

**SU-sak 27/19 Evaluering av semesteret**

Bra semester. Har også vore greitt å kome inn som ny – set særleg pris på oppstartsseminaret. Roleg semester, god stemning og fin gjeng. Ønske om at FTVane oppdaterer fortløpende på saker som det vert arbeida med. FTVane vil sette opp oversiktskart med pågåande saker. Bør bli flinkare å ønske nye medlem velkommen. Det er stemning for å ta i bruk «jazzhands». Kan vere ein god idé å i større grad invitere eksterne innleiarar til studentrådsmøtene, t.d. for å innleie saker.

Innspel vert tekne med til etterretning.

**SU-sak 29/19 Eventuelt**

- Suppleringsval av ny FTV 22.05 kl. 16:15 på Kalvskinnet.
- Korleis arbeide for å vere synleg resten av året?
- Legge PR-strategi. Stå stand for å få inn innspel til spesifikke saker som vert er aktuelle på instituttet i forkant av møter eller høyringar. Dele ut merch i eksamenstida med tilhøyrande infoskriv om studentrådet eller

liknande. Hadde det vore ein god idé med visittkort med kontorets opningstider?

### **Evaluering av møtet**

Litt labert oppmøte. Vi må sjå viktigheita av gode evalueringsrunder – det er slik vi kan bli betre. God kake. Alle har bidratt med gode innspel til sakene.

Innspel vert tekne med til etterretning.

*Magnus Landheim*  
møteleder (sign.)

*Karoline Abildsnes*  
referent (sign.)